

---

Saksnr: 2020/71722-3  
Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth

---

## Saksgang

| Utval  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering |             | 25.11.2020 |

## Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv - orientering om arbeid fram mot oppstart av planarbeid

Forslag til vedtak:

1. Innretning av arbeid fram mot oppstart av regional plan for kultur, idrett og friluftsliv vert tatt til vitande slik det ligg føre i saka.
2. Arbeidet med ulike strategiar innan hovudutvalet sitt ansvarsområde vert innarbeidd i arbeidet med regional plan.
3. Hovudutval kultur, idrett og integrering ber om at det vert lagt fram sak til valnemnda og fylkestinget om val av saksordførar for planarbeidet jf. Reglement for folkevalde organ og delegering, punkt 3 i retningsliner for saksordførarordninga.

## Samandrag

Arbeidet med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv i Vestland er vedtatt starta opp i Utviklingsplan for Vestland. Prosessen er regulert i plan og bygningslova og har ein rekke milepålar. Det skal lagast eit planprogram som skal høyrast regionalt. Dette vil skje våren 2021. Planutkastet er planlagt lagt ut til høyring våren 2022, med vedtak hausten 2022 og sett i verk 1.1.23.

Det vert no arbeidd med prosessdesign, kunnskapsgrunnlag og plan for medverknad og organisering av planprosessen. Hovudutval kultur, idrett og integrering er ein sentral aktør som vil peike ut politisk retning og viktige utfordringar innan planområdet.

Eit viktig symbol vert tittelen på planen, der ein må arbeide vidare for å finne ein overordna tittel som speglar tida og prioriteringane i planen.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Ingebjørg Erikstad  
konst. seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi), vedteke 29.09.20 viser at ein skal utarbeide ein regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Arbeidet startar opp i 2021. Planen er ein revisjon av dei to gjeldande regionale kulturplanane.

Dei to regionale kulturplanane i Hordaland og Sogn og Fjordane gjeld i dei to geografiske områda til ein ny plan er utarbeidd. Dette gjeld:

- Premiss kultur, regional kulturplan for Hordaland, 2015 - 2025
- Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane, 2019 - 2027

I denne saka vil fylkesdirektøren orientere om planane for arbeidet slik ein ser det føre seg i dag og gi utvalet oversikt over kva planprosessen vil innehalde, tema, roller, utfordringar, m.m.

Den formelle planlegginga og organisering av prosessen vert gjort i planprogrammet som eit ledd i varsling av planoppstart. Planprogrammet skal vise føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, kva alternativ som vert vurdert og ev. behov for utgreiingar.

### Namn og nemning på planen.

Utviklingsplanen angir at det skal utarbeidast ein regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Dette er ikkje nærare drøfta i utviklingsplanen, men fylkesdirektøren viser til at planen i utgangspunktet skal dekke eit stort og variert fagfelt som dreier seg om inkludering og integrering, kunst, kultur og frivilligheit, kunstformidling, bibliotekutvikling, kulturarv, arkiv og idrett og friluftsliv.

Fylkesdirektøren ser ikkje føre seg at dette vert ein fagplan for dei ulike fagområda, meir ein plan som skal spegle utfordringar i samfunnet, og korleis kultur, idrett, friluftsliv, m.m. kan bidra som samfunnsskapande kraft i utvikling av Vestland. Utfordringa vert å finne eit dekkande namn som speglar samtida og som gir retning for utviklinga av feltet.

Enn så lenge nyttar vi utviklingsplanen sin tittel som arbeidstitel; dvs regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Så vil vi kome attende til ei drøfting av eit dekkande namn tidleg i planarbeidet.

### Om regional plan

I utviklingsplanen sitt plansystem er regionale planar omtala slik:

*Regionale planar kan utarbeidast for prioriterte tema der det er behov for regional samordning. I første rekke tema som gjeld fleire forvaltningsnivå og som hovudregel fleire sektorar. Regionale planar er heimla i Plan- og bygningslova § 8-1 til 8-5 og skal utarbeidast på grunnlag av regional planstrategi. Regionale planar skal ha eit handlingsprogram som viser korleis planane kan gjennomførast.*

*Regionale planar skal som hovudregel ha ein planperiode på tolv år og bør vere overordna strategiske styringsverktøy som er fleksible og står seg over heile tidsperioden. Spørsmål om behov for revisjon, forlenging eller utfasing vert vurdert kvart fjerde år i regional planstrategi. Behov for rullering av handlingsprogrammet vert vurdert kvart år.*

### Tilhøvet til utviklingsplanen

Utviklingsplanen blir lagt til grunn for alt planarbeid i regionen, jf. pkt. 5.1. i utviklingsplanen. Måla i utviklingsplan for Vestland skal bli lagt til grunn for nye planar.

Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv skal ta inn over seg dei 4 måla i utviklingsplanen, basere seg på vedteke utfordringsdokument og statistikk og utviklingstrekk i Vestland.

Berekraftsmåla til FN er sentrale og indikatorarbeidet som er vist i kapittel 2 i Utviklingsplanen vert sentralt i vurderinga av måloppnåing.

### Prosess

For å sikre viktige punkt i arbeidet, er det laga ein milepelsplan. Her er hovudoppgåvene i prosessen skissert. Nærare om framdrift og innhald i dei enkelte oppgåvene vert handtert i planprogrammet.

| Hovudoppgåver   | Arbeidsperiode    | Vedtak      |
|---|-------------------|-------------|
| Prosessdesign   | Okt. - des. 20    |             |
| Kunnskapsgrunnlag   | Okt. 20 - des. 21 |             |
| Varsel om oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram (høyring, frist minst 6 veker) | Okt. 20 - jan 21  | Mars 21     |
| Endeleg planprogram   | April 21 - mai 21 | Mai/juni 21 |
| Medverknad utarbeiding av plan  | Mars 21 - jan 22  |             |
| Vedtak om høyring av endeleg plandokument (høyringsfrist minst 6 veker)                     |                   | Mars 22     |
| Bearbeiding av plan etter høyring   | August - sept 22  |             |
| Handlingsprogram  | Mai - sept. 22    |             |
| Endeleg vedtak om regional plan   |                   | Oktober 22  |
| Iverksetting og gjennomføring   | 1.1.23            |             |
| Evaluering og læring, kontinuerleg prosess  | 2023 - 2026       |             |

### Organisering

Regional planlegging skal vere forankra i demokratiske organ på regionalt nivå. Dei politiske utvala har ulike oppgåver knytt til regionalt planarbeid.

Fylkestinget vedtek regionale planar og handlingsprogram for regionale planar. Plan- og bygningslova krev no at desse vert vedteke samtidig.

Fylkesutvalet har eit overordna ansvar for rolla som samfunnsutviklar ved å sjå regional planstrategi og regionale planar i eit regionalt heilskapsperspektiv.

Planutvalet i Vestland er no vedteke lagt ned. Utviklingsplanen føreset at den som er planutval skal, saman med administrasjonen, legge strategiske føringar for dei regionale planane og gi politiske styringssignal til pågåande planarbeid. Deretter skal hovudutvala, fylkesutvalet og fylkestinget behandle dei regionale planane. Planprosessen vert tilpassa ny ordning og legg vekt på god politisk forankring undervegs i prosessen.

Hovudutvalet har desse oppgåvene knytt til regional plan innan sitt ansvarsområde:

- Gi innstilling om vedtak av planprogram
- Ta i vare fagansvaret og følge opp planar
- Gi innstilling om høyringsforslag og endeleg plan
- Gi innstilling om revidert handlingsprogram

Fylkesdirektøren ser for seg at ein organiserer arbeidet etter PLP-prosessen der ein etablerer ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe. Ein vil også etablere høvelege grupper som kan arbeide ut spesielle tema i planen. Dette vert nærare utgreidd i planprogrammet.

### Saksordførar

Planarbeidet skal ha ein saksordførar for å styrke den politiske forankringa og gi betre rom for politiske innspel i prosessen, jf Delegeringsreglement for folkevalde organ og delegering. Saksordføraren trer i funksjon frå det tidspunktet planarbeidet startar og skal vere medlem av ei eventuell styringsgruppe.

Delegeringsreglementet gir retningslinjer for saksordførarordninga. Punkt 3) Oppnemning, viser at saksordførar blir oppnemnd av fylkestinget. I saker der det er aktuelt å nytte saksordførar kan fylkesrådmannen, hovudutvalet, planutvalet, finansutvalet eller fylkesutvalet ta initiativ til oppnemning av saksordførar. Fylkestinget har utsett å ta stilling til om saksordførarordninga skal avviklast. Såleis gjeld ordninga enno. Fylkesrådmannen kan legge fram sak til valnemnd og fylkesting om oppnemning av saksordførar. Hovudutvalet kan også ta initiativ til dette, og vurdere om dei ønskjer å peike ut forslag på kandidat til saksordførarvervet.

### Medverknad og dialog

Regionale planar skal bli utarbeidd i samarbeid med statlege organ, kommunar og organisasjonar som er omfatta av ansvarsområdet. Utviklingsplanen har som ambisjon å styrke planprosessen som ei brei medverknadsarena. I dette tilfellet gjeld det er rekke frivillige organisasjonar, profesjonelt kunst og kulturliv, kunst og kulturinstitusjonar, kommunane og regional stat.

I tillegg til dei formelle høyringspunkta ser fylkesdirektøren for seg formelle medverknadsprosessar som:

- Oppstartsmøte

- Innspelsmøte
- Temamøte
- Ev innbyggjarundersøking, e.l.
- Intern organisering

Ein legg opp til tidleg og brei involvering av den regionale partnerskapen. Internt i fylkeskommunen vil vi sikre deltaking frå relevante fagavdelingar og eit sterkt samarbeid med det planfaglege miljøet.

Den politiske forankringa vil vere god gjennom strukturerte møtepunkt.

Ein brei medverknadsprosess og forankring i partnerskapen er avgjerande for å få alle aktørar til å oppfatte planen som forpliktande og sikrar ein kunnskapsbasert og robust plan med god gjennomføring.

#### Innhald

Regionale planar vert utarbeidd for prioriterte tema der det er behov for regional samordning. Kulturfeltet har som særtrekk at det i stor grad er avtalebasert, ikkje lovregulert som t.d. opplæringsfeltet. Dette gjer regional planlegging og samordning viktig. Det er også ei utfordring å samordne vertikalt, mellom forvaltningsnivåa jf pbl. § 8-2.

Innfallsvinkelen til planlegginga er å trekke opp dei breie utfordringane som er aktuelle innan feltet og identifisere på-tvers satsingar der regionen kan spele ei avgjerande rolle både internasjonalt, nasjonalt og lokalt.

Viktige føringar for arbeidet er lagt i:

- Utviklingsplan for Vestland
- Kommune 3.0, samhandlingsperspektivet i offentleg forvaltning
- Grønt vegkart, korleis går kulturlivet i Vestland inn i det grønne skiftet
- Inkludering, deltaking, mangfald
- Universell utforming/tilrettelegging

I løpet av året er det gjort politiske vedtak om strategiarbeid innan ulike felt. Dette må følgjast opp i budsjett og handling i 2021, og fasast inn i arbeidet med regional plan. Dette gjeld:

- Frivilligstrategi
- Muskarordningane
- Museumspolitik
- Vestland som antirasistisk sone

I planarbeidet vert det avklart vidare behov for utarbeiding av strategiar og temaplanar. Det er allereie vedteke ein temaplan for *Anleggspolitik og kriterium for tildeling av spelemidlar 2020-2024* som er ein viktig del av plansystemet som omhandlar politikkområdet.

I tillegg skal fylkeskommunen i denne planperioden arbeide med kunnskapsgrunnlag med sikte på ein ny regional plan for areal, natur og kulturminneressursar i neste planperiode.

#### Ressursbruk / økonomi

Arbeid med regional plan vil vere hovudoppgåve i fylkeskommunen i 2021 og 2022. Hovudutval for kultur, idrett og integrering og avdeling for kultur, idrett og inkludering vert hovudaktørar i organisasjonen, men fylkesdirektøren inviterer og legg opp til deltaking i prosessar frå andre relevante avdelingar og hovudutval. Dette krev ressursar, og det vert sett av personressursar og midlar i budsjett 21 til arbeidet med regional plan.

#### Vedtakskompetanse

Hovudutval kultur, idrett og integrering jf. delegeringsreglement punkt 4.

#### Vurderingar og verknader

Arbeidet med regional plan må styrke samanhengen mellom økonomi/budsjett og plansystem. Det er også viktig å forhindre silo- og sektortenkning, gjennom å finne nye paraplyar å samle satsingar innom måla. Samarbeid for å nå måla er difor viktig.

Regional plan skal vere langsiktig og halde retning, vere overordna og initiere endringsarbeid. Her vert fokus på sosial berekraft og verdiskaping, både sosial og kulturell og økonomisk, viktig.

Å finne breie, overordna tema som aktualiserer tida vert viktig, her finn ein prioriteringar i utviklingsplanen som skal speglast i regional plan. Det er også viktig å identifisere tema som ligg mellom ulike ansvarsområde. Kulturell og kreativ næring kan vere ei slik «blindsona». Dette er særskild aktualisert av covid-19 og dei spesielle behova som er utkrystallisert og forsøkt stetta gjennom koronatiltaka regjeringa sett i verk særleg for denne delen av næringslivet.

**Økonomi:** Det vert foreslått sett av midlar til planarbeidet i budsjett 2021 innanfor ramma.

**Klima:** ikkje relevant før under planarbeidet, samarbeid med ulike fagfelt vert inkludert i planprosessen

**Folkehelse:** ikkje relevant før under planarbeidet, samarbeid med ulike fagfelt vert inkludert i planprosessen

**Regional planstrategi:** Denne er grunnlag for planarbeidet og vert innarbeidd i planarbeidet.

#### Konklusjon

Fylkesdirektøren legg fram skisse for planarbeidet og ambisjonar for feltet til orientering og diskusjon i hovudutvalet. Det vert essensielt å utarbeide sentrale utfordringar og moglegheiter for feltet og sikre ein god politisk diskusjon og medverknad i denne prosessen. Hovudvalet er sentral premissleverandør for arbeidet med regional plan.